

**Denne veka er ungdomslaget 125 år og
Olaf Agnar Gausvik tykkjer det er eit
passande høve til å trykka opp att
prologen han skreiv ved 85-årsmarkeringa
Her er prologen:**

Under fjellet, ned mot fjæra
unte mellom fonn og fjord
folk som hadde sitt å gjera
på ei skrinn, men solvendt jord.

Og om Skorpo var eit stengje
for den verda som dei såg,
fanst der vengje
for eit tankeflog.
Slike tankar kan slå rot
og bløme,
ta som døme
då dei nitten sette fot
under eige ungdomslag.

Ein novemberdag
samlast dei i skulestova
om ein ung idè,
samsnakkast og lova
kvar og ein, å vera med
på å gjera røyndom
av den draumen som til då
hadde levd i løyndom
hos dei få.

Alt i dette fyrste halvår
møttest dei kvar sundagskvelden,
skifte ord i skjemt og alvor,
og dei fleste laut i elden
og sei sitt om
alt frå røysterett til jordbruksdrift,
eller lesa litt som
dei fann fram frå blad og skrift.

Der må og ha vore sagt
somt om kunnskapar og makt,
for dei meinte at dei trong
noko meire skulegong
i norsk og reknefaget.
Såleis vart der skuledrift i laget.
Slik slo tankar ut i blom
fordi alle verna om
fræa som vart sådde.
Og kvar gong den ånda rådde
såg dei ingenting for stort.

Difor fekk dei også gjort
ting som vi i tyngre stunder
ser som reine under.

Helgheim – huset for ei hugnadstund.
Sterkt står du i mangt eit minne.
Alle dei som nett her inne
måtte "ågra med sitt pund"
for å glæda eller læra,

hugsar vel at nett den æra
som dei hausta der og då,
var å veksa på.

Spør vi formannen som lite villig
fyrste gongen tok mot val,
om han kjøpte si erfaring billig?
Ja, då veit vi lite om det bal
han tok på seg.
Men den dagen han legg klubba frå seg
vil han vedgå:
Det var givande å vera med på.

Spør "Riborgia – mi rosenborg",
"Dreng som duger" eller "Brennefolka"
om det stoff dei bar til torg
ikkje var eit slit å tolka?
Og du får det underskrive.
Men når Jon´n slo seg laus
under dundrande applaus,
var det sakte løn for strevet.

Spør den Daltrekk – journalist
som med alt for liten frist,
skulle pressa talg av trebukk.
Då han hadde lese opp sitt småplukk,
gjekk det opp for han
at eins eigne linje´
kan slå betre an
enn både Wildenwey og Vinje.

Når så festen utpå kvelden
gjekk imot dei store høgde´,
var det ikkje sjelden
at dei og i komiteen var fornøgde.

Slik har dei som ofra kraft og tid,
kjent at det å stå for ståket
alltid vil ha sitt å gi,
men ein kan få gnag av åket
om ein må dra med på krubba
dei som sku´ gå bak og skubba.
Må då alle stå imot
så vi ikkje nå forsømer
tanken som frå gamal rot
framleis kan gi skot som blømer.

For imellom fonn og fjord
er der ennå mangt å gjera
her på denne flekken jord
under fjellet, ned mot fjæra